



Tingvoll, 10.12.2020

NVE

**HØYRING AV SØKNAD OM Å FÅ BYGGE SMISETFOSSEN KRAFTVERK –
ÅLVUNDEID I SUNNDAL KOMMUNE - FRÅSEGN**

Dykkar ref. 202001387-4

Naturvernforbundet ønskjer å uttale seg til saka.



Figur 1. Kraftstasjon er planlagt omtrent i venstre biletkant. Foto 25.10.2020, Øystein Folden.

Verna vassdrag - 1

Då ein endeleg forstod at ein ikkje kunne lage om alle vatn og elver til vasskraft, så blei Ulvåa til Ålvund verna mot kraftutbygging i den første verneplanen, som blei vedtatt i 1973. Vassdraget var ikkje urørt av kraftutbygging, men restverdiane var framleis store og ikkje minst «det beste som var igjen i butikken».

Innerdalen representerer starten på vassdraget. Vernet av dalen for å unngå vassdragsutbygging er i seg sjølv eit monument i verneplanarbeidet. Innerdalen sin status i dag fortel kor viktig dette var.

Vassdraget – frå fjell til fjord

Den som leiter finn ein dam og eit inngrep øvst i vassdraget, i Langvatnet. Kor aktiv reguleringa er kan vere noko uviss. Reguleringa må gjerast manuelt, oftast med snøskuter frå Storlidalen. Det er lite tilsig utanom smeltevatn på våren. Når snøen er borte er det knapt ein bekk inn i vatnet. Truleg er reguleringa oftast i form av å stenge igjen før snøsmeltinga, og opne ein gong utpå vinteren. Vi har grunn til å tru at reguleringa kan vere noko marginal for kraftverket på Ulvund. Verknaden av reguleringa er først og fremst i Renndøla i smeltetida, frå dammen er tom til han er full. Det er mykje nedbørsområde nedstraums dammen i Langvatnet når ein kjem til Renndølsetra. Det har ein verknad og dei som kjente elva mellom Langvatnet og Innerdalsvatnet før reguleringa veit at det er ein skilnad før og etter i Renndøla. I det Renndøla har rent ut i Innerdalsvatnet, vil ein ikkje sjå noko. Om noko blir påverka av dette er det ingen som veit. Det er aldri undersøkt det vi kjenner til.

Elva mellom Innerdalsvatna og den øvste del av busettinga i Viromdalen er ein anonym del av vassdraget som få har sett og få veit noko om. Sanneleg ein verdi i seg sjølv, når ein veit at resten av vassdraget nedover til fjorden går i landskap som er prega av langvarig bruk.

Frå øvst i Viromdalen og heilt til Ålvundfoss så går dette vassdraget med rask vassføring utan særleg mykje stryk, og berre ein foss – Smisetfossen. Strekinga er to mil lang, elva går i krok og sving og er dermed mykje lenger. Rett nok er det ei strekning øvst i Viromdalen som er retta ut og dermed sterkt prega av inngrep, men det er i grunnen unnataket.

Elveforbyggingar finst knapt i denne elva. Åker og eng går ned mot elva. Det finst ein del bruer. Det er ganske sikkert forskjellige andre inngrep, men inntrykket av vassdraget er ei elv i kulturlandskapet, avbrote av kortare strekingar gjennom skog og myr. Elva gjer mykje ut av seg til trass for at det knapt er stryk.

Reguleringsverknad i Ålvundelva har ein først og fremst i form av at Reinsetvatnet er regulert. Reinset kraftverk ligg 0,7 km nedstraums Smisetfossen. Derifrå og ned er vår- og sommarvassføringa lågare enn naturleg, og vintervassføringa større enn naturleg.

Frå Brekkfossen 3,5 km nedstraums Smisetfossen går elva oftast tørr forbi Ålvundfossen og nesten ned til fjorden som følgje av Ulvund kraftverk nede ved fjorden.

Geologiske prosessar knytt til lite regulert elv

Smisetfossen skuldast ein bergformasjon mellom to elvesletter (94 moh og 111 moh). Elvesletter kan diskuteras, då dei dels er kilometervis lange og har noko helling også. Oppstraums går elva utan fossar å tale om heilt frå Dalsbøen i alle fall. Nedstraums er

det slak elv til ein kjem til Ålvundfossen. Slyngane er mange og elva dominerer dalbotnen som følgje av det.



Figur 2 Til venstre der inntaksdammen er planlagd. Ein vil truleg få oppstuvning på overside, noko som vil gå ut over dyrkamarka i bakgrunnen. Til høgre fossen sett frå brua, gråorskogen midt i biletet. Foto 25.10.2020, Øystein Folden.

Verna vassdrag - 2

Søknaden gjeld ein foss i eit verna vassdrag. Verneføremålet er å ta vare på elver og elvestrekningar som ikkje er bygd ut med vasskraft, eller har restverdiar etter slik utbygging. I Sunndal er i tillegg delar av Driva verna. Ingen av desse vassdraga er heilt utan vasskraftpåverking. Tvert om, påverkinga er alt betydeleg i form av at sideelver er bygd ut, og det finst også reguleringsmagasin som påverkar endå sterkare. Slik sett har Sunndal utnytta vassdraga sine i så stor grad at det berre er rett og rimeleg at det blir igjen nokre fossefall som renn bortimot naturleg.

Ein del av poenget med varig vern av vassdrag er å verne vassdrag med heilskaplege verdiar. Vassdraget er der med mange forskjellige element som har ein samanheng det er råd å forstå. Frå Smisetfossen og nokre hundre meter nedover har ein usedvanleg mange slike element samla på ei kort strekke. Her har ein geologien som gjer sitt til at det er ein foss akkurat her. Frå Nedal til Ålvundfossen er det berre Smisetfossen som har fossesprøytzone. Gamle elvelaup nedstraums fossen fortel om kva rennande vatn kan få i stand. Slåttemarka og beitemarka som nyttar seg av areal som blir overfløymd år om anna er krona på verket, saman med tufter etter det fossekrafta har vore bruka til i hundrevis av år. Dette er det viktig å ta vare på utan nye inngrep.

Tidlegare bruk av området

Nedanfor brua, omtrent der røytraseen er innteikna ligg det murar etter ein bygning som kan ha vore nesten kvadratisk, og ein bygning som truleg har vore dobbelt så lang som brei. Det ser ut som det så vidt er igjen noko av tømmeret i bygninga. Det vil vere rart om ikkje det i samband med denne fossen med vassføring heile året har vore sager og kverner i lang tid, gjerne fleire hundre år. Dette bør ein i det minste få klarlagt av kulturhistoriske grunnar. I skildringa av røytraseen verkar det som at denne er tenkt noko lenger aust enn det som er innteikna. Innteikna trase vil kome i kontakt med murane.



Figur 3 Gamle elvelaup i forskjellige utformingar. Foto 25.10.2020, Øystein Folden.



Figur 4 Steinmurar etter kvenn og sag. Med sikker vassføring heile året, må ein gå ut frå at det har vore kvenn og sag her i mange hundre år. Foto 25.10.2020, Øystein Folden.

Naturtypar

Sweco har kartlagd ein lokalitet med flomskogsmark. Denne har vi ikkje vesentlege merknader til. Mellom denne lokaliteten og elva ligg det ei semi-naturlig eng som ikkje er kartlagd. Dette meiner vi er ein mangel.



Figur 5 Frå søknaden. Raud innramming viser areal som har vore slåttemark.

Ein del av enga har vore slåttemark til etter andre verdskrig, kanskje så seint som til kring 1960, omtrentleg omramma med raudt på fig 5. Resten av arealet mellom flomskogsmarka og elva har truleg ikkje vore slått i same grad. Alt som ikkje har vore slått har utvilsamt vore beita, og det må ha vore beita også etter at slåtten var slutt. I alle fall arealet omramma med raudt, truleg heile arealet mellom flomskogsmarka og elva, bør kartleggast som semi-naturlig eng, beiteutforming. Kvaliteten er truleg låg som følgje av gjengroing, men det er tale om ein truga naturtype (VU). Kvitmaure finst, vanlegvis teikn på kalkpåverknad. Det er ei viss moglegheit for at arten kan indikere langvarig slått og beite på elvesletter utan at det er særleg kalkpåverknad.

Omtrent midt i den raude lokaliteten står det framleis ei løe og ein rest av ei løe til. På eine løeveggen heng det mange buntar med godt bruka hesjetråd. Løeveggen på andre sida har eit utval av lav. Mesteparten er ubestemt, men det var i alle fall noko av *Mycocalicium subtile*.



Figur 6 Hesjetråden heng framleis på løveggen, og vitner om tidlegare slått. Foto 25.10.2020, Øystein Folden.

For å forstå området, er det nødvendig å ha med i tankane at området blir overfløymd ved stor flaum. Med nokre tiårs mellomrom kan ein også få isdammar som påverkar området ytterlegare.

I heile området kan ein sjå spor av gamle elvelaup i forskjellige stadium.

Gråorskogen har stadvis store innslag av daudved. Samtidig er nok mykje av skogen av same alder. Opplysingar vi har fått kan tyde på at skogen var delvis eller heilt nedhogd i samband med 2. verdskrig, då det blei produsert knott. Vi fann så vidt nokre artar frå lungeneversamfunnet på nokre av trea.

Framandartar

På elvesletta nedanfor fossen fann vi nokre raudhyll. Langs vegen ved toppen av fossen har det vore gravearbeid i samband med ein vass- eller kloakkleidning, og det er ført til massar med klustersvineblom. Burot som ikkje er rekna som framandart finst også på same staden.

Slukeevne

Det er lagt opp til utnytting av 77% av gjennomsnittleg tilsig. I lengre periodar vil vass-sleppet utgjere 5-persentilen. Dette er minstevass-slepp på line med det som blir søkt om i dei aller fleste småkraftverkesakene. Dette er eit stort inngrep i den einaste fossen i

hovudvassdraget på ei 20 km lang strekning av ei verna elv. Dette er ikkje noko uvesentleg inngrep, og det går ut over verneverdiane.

Verdien av naturen og utbygginga

Det er tale om produksjon av 4 GWh. Dette er eit relativt lite kraftverk. Ein utbyggingspris på 6,40 kr/kWh er ganske mykje. Økonomisk kan det ikkje vere noko overskot å tale om. Kor mykje ein foss er verdt er ikkje godt å seie, men det er heilt umogleg å bygge ein slik foss ein annan stad for 25 millionar kroner. Vi antar at fordelane med tiltaket er små samanlikna med ulempene. Dermed kan det ikkje gjevast konsesjon.

Konklusjon

I eit verna vassdrag er det ikkje høve til å bygge kraftverk. Det har vore vurdert nokre unnatak, der ein har nytta inntil 10% av vassføringa, som eit såkalla ubetydeleg inngrep. I dette tilfellet er det søkt om 77 % utnytting av årleg middelvassføring. Som gjennomgangen viser er det her eit vesentleg element av elva som saka gjeld. På ein kort elvestrekning har ein masse vassdragsgeologi, naturlege prosessar, kulturmark og bygnings- og næringshistorie. I dette er det på ingen måte plass til eit kraftverk.

Naturvernforbundet ber om at søknaden blir avslått.

Med helsing

Øystein Folden

